

VESTLANDSFORSKING 30 ÅR

VESTLANDSFORSKING 30 ÅR

Det vanskelege klimaspørsmålet

■ Kunnskap må gjerast truverdigg ■ «Naturen har jo alltid endra seg»

SOGNDAL: 2014 var det varmaste året som er målt på jorda, melde NASA i januar. I november uttalte FN's klimapanel at dei reknar det som ekstremt sannsynleg at årsaka er utsleppa våre. Men klimaskepsisen lever vidare på nettet, i avisspaltene og frå munn til munn. Kvifor er spørsmålet om klimaendringane så vanskeleg for så mange?

Det er ein rufsete dag i ei hamn langt nord i Noreg. Skrått regn piskar mot sjøbuer. Fiskeskøyter ligg til kai, lukta riv i nasen, men kvar er torsken?

– I fleire år på 2000-talet uteblei torsken frå Vestfjorden. I den same perioden tok makrellen til å flytte seg mot nord, til ein landsdel der han ikkje har vore vanleg og har vore rekna som ein «ufisk». Fiskarane ser at ting har endra seg, fortel Halvor Dannevig ved Vestlandsforskning, som forskar på korleis vi forstår klimaendringane og kva vi tenkjer om dei.

Dannevig er i ferde med å avslutte ein doktorgrad i geografi og gjorde feltarbeidet sitt i Lofoten, der forholda på sjøen er eit evig tema. Men havet har no alltid endra seg – det er slik det er, fekk han stadig høyre.

– Fiskarane eg har intervjuva godtek ikkje utan vidare at menneskeskapte klimaendringar har noko med saka å gjere, seier Dannevig.

– Det som kan gjere det vanskeleg å forstå klimaendringane, er at vitenskapleg kunnskap ligg veldig fjernt frå vår eiga erfaringsverld. For dei fleste av oss er ikkje ny kunnskap grunn god nok til å endre grunnleggjande



KOSTA: Dagmar sine herjinger kosta samfunnet over 1,3 milliardar kroner. (Arkiv)

oppfatningar eller åtferd, seier Dannevig.

Grenser for tilpassing

Vestkysten av Grønland, våren 2010. Sola gneistrar mot eldgammal arktisk is. Ute på Illulissatfjorden tårnar isfjell seg opp bak rauda, blå og gule trehus. Deborah Davies er i den vesle tettstaden i samband med eit internasjonalt prosjekt om klimatilpassing der Vestlandsforskning er med. Her i Illulissat har dei nye, milde vintrane med lite snø og sterk vind gjort det vanskeleg å køyre med hundeslede slik ein alltid har gjort. Somme stader blir sledespora isete, andre stader kjem ein ned på stein. Iblant er smelting eit problem. Det er blitt vanskeleg for inuitane å køyre fisk heim frå fiskeplassane, og dei som lever av å ta turistar ut på tur, fryktar farlege velt.

– Men som mange som har virket sitt ute i naturen, meiner folk i Illulissat og elles på Grønland at dei er i stand til å takle utslag av klimaendringane, seier Davies, som det siste året har vore gjesteforskar ved Norsk Bremuseum i Fjærland og no er prosjektengasjert ved Vestlandsforskning. Ho har i ulike samanhengar jobba med formidling av klimakunnskap, og har kjennskap til haldninga som Dannevig har funne i Lofoten: Folk som arbeider ute i naturen meiner generelt – og med god grunn – at dei er i stand til å tilpasse seg endringar.

– Men det vi dessverre veit no, er at takten i klimaendringane kan bli for høg. I verste

fall kan klimaet kome til å endre seg så fort at naturen ikkje heng med meir, seier Davies. For nordområda sin del kan dette vere ekstra alvorleg. Global oppvarming er nemleg ikkje jamt fordelt utover kloden.

– Både vestkysten av Grønland og Lofoten vil få større oppvarming enn område lenger sør. Økosystema i nord er dessutan ekstra sårbara, seier Halvor Dannevig.

Å ta kunnskap for god fisk

Av forskinga til Dannevig går det fram at yrket vårt kan ha mykje å seie for korleis vi stiller oss til kunnskap, til dømes om klimaendringar. Dannevig har intervjuva folk med tre ulike yrke i Lofoten: fiskarar, bønder og kommunepanleggjarar. Målet med forskinga hans er å kartlegge ulikskapar i haldningar til klimaendringar. I Lofoten skil folk på rådhuset seg tydeleg frå dei som arbeider på havet.

– Fiskarar, og til dels bønder, er typiske individualistar i at dei stolar på eigne erfaringar. Dei godtek ikkje utan vidare det forskarane seier, forklarar Dannevig. Til skilnad tyder forskingsarbeidet hans på at kommunepanleggjarar har lettare for å godta bodskapen til klimaforskarane. Dette heng saman med at planleggjarane arbeider i eit hierarki der andre enn dei sjølve bestemmer kva som er den rådande sanninga.

– Når statlege etatar ber planleggjarane bruke den og den kunnskapen i arbeidet sitt, er



GODTEK IKKJE: – Fiskarane eg har intervjuva godtek ikkje utan vidare at menneskeskapte klimaendringar har noko med saka å gjere, seier Halvor Dannevig (innfelt)

det grunn god nok for dei. Men fiskarane treng andre former for legitimering; kunnskapen må gjerast viktig og truverdigg for dei for at dei skal gripe til handling – slik det er for oss alle, seier Dannevig. Han rettar merksemda mot regjeringa sin klimapolitik:

– Viss styresmakten set i verk tiltak for å bøte på eit problem – i dette tilfellet utslepp

av klimagassar, syner dei at dei tek kunnskapen om problemet på alvor. Dermed vil folk oppfatte kunnskapen som meir truverdigg, seier Dannevig.

Når uværet herjar

Det er ikkje alltid fylkesmiljøvernsef Nils Erling Yndesdal blir møtt med ståande applaus når han ber kommunane leggje til rette for mindre bilbruk gjennom å planleggje annleis.

– «Det der er ikkje relevant for oss», høyrer vi ofte frå kommunane. Vi kan få ein del slengmerknader om klima når vi er ute på tilsynsbesøk. Mange brukar ordet «spådommar»


om klimaframskrivingar, seier Yndesdal.

Men det har skjedd ting, også med oss i Sogn og Fjordane, som gjer at stadig færre tvilar på at klimaet er i endring. Dei usannsynleg våte novemberdøgn i 2004 og 2005 sette ein støkk i mange. Dagar då alle fjellsider i fylket vart til fossar og regnet aldri såg ut til å gje seg. Søndag 14. november 2004 dundra 20 skred ned langs riksveg 5 i Kjønesfjorden, og 67 livredde menneske sat fast i bilane sine. Denne kvelden mista Yndesdal og dei andre tilsette hjå Fylkesmannen ein kjær kollega i ei rasulukke i Lånefjorden.

– Det var ekstremt, og sjokkerande at noko slikt kunne skje. Dette er noko eg ofte tenkjer på når nye uvær herjar som verst, seier ein framleis prega Yndesdal.

Nøyaktig eitt år seinare vaska ekstremværet «Løke» inn over fylket vårt. Men ingen av desse hendingane kunne måle seg med det som hende om kvelden første juledag i 2011.

– Hausten før «Dagmar» heldt Fylkesmannen ei stor beredskapsøving med kommunane. Øvinga tok utgangspunkt i ei «klimarelatert hending». Fleire ordførarar blåste av te-maet og meinte det var «heilt



usannsynleg» at noko slikt skulle skje i deira kommunar, fortel Yndesdal. Men det som raste inn over fjordane i ly av desembermørket eitt år seinare var mykje kraftigare enn uværet kommunane hadde øvd på. Bryggjer vart knuste og tre datt som fyrstikker. Saman med ras og flaum som følgje av den intense nedbøren dagen etter, førte dette til at mange var

Av Idun Husabø
Vestlandsforskning
redaksjon@sognavis.no

Fakta:

Vestlandsforskning

Stifting etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1985

- Eitt av dei 11 regionale, samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta i Noreg
- Hentar 85–90 prosent av inntektene frå forskingsoppdrag
- Har både regionale, nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid
- 25 tilsette
- Hovedområde: klima, miljø, energi, IKT, reiseliv og regional utvikling
- I samband med 30 års jubileet har Sogn Avis og Vestlandsforskning i samarbeid laga ein artikkelserie om forskinga.

Feilslutning i BBC

Den britiske statskanalen BBC har vidd mykje merksemd til aktørar som ønskjer å så tvil om menneskeskapte klimaendringar.

Blant alle som har forska på klimaendringar, er 97 prosent sikre på at klimaet er i endring på grunn av menneskeskapte

utslepp av klimagassar. Likevel har BBC gitt klimaskeptikarar like mykje merksemd som klimaforskarar. Tankegangen til BBC-journalistane var at dei måtte vere «upartiske» – eit viktig journalistisk prinsipp – ved å sleppe til folk med kontroversielle teoriar. Dermed handsama kringkasta-

ren dei tre prosentane av klimaforskarar som ikkje meiner at klimaendringane er menneskeskapte som om dei utgjorde halvparten av det klimavitenskaplege miljøet. Etter å ha fått kritikk for skeivfordelinga, sende BBC over 200 journalistar på kurs i klimakunnskap sommaren 2014.

